



# Statens vegvesen

## Referat

**Dato:** 29.03.2023  
**Tid:** 12:00–15:00  
**Referent:** Eivind Kvarekvål

**Saksbehandler:**  
**Tlf saksbeh.**  
**Vår dato:** 10.04.2023

## Overskrift

<b>Møtenr:</b>	Referansegruppemøte 2
<b>Sted:</b>	Stord Hotel
<b>Møteleder:</b>	Ole–Mathias Nes
<b>Til stede:</b>	Sjå liste
<b>Forfall:</b>	
<b>Kopi til:</b>	Fyll inn

Punkt	Sak	Ansvar/Frist
1	Velkommen	Ole–Mathias
2	Agenda for møte: <ul style="list-style-type: none"><li>• Kort om konseptvalutgreiingar (KVU)</li><li>• KVU E39 kryssing av Bømlafjorden – kva er gjort så langt.</li><li>• Gjennomgang kapittel i KVU– mal.</li><li>• Gjennomgang av konsept.</li></ul>	
3	Sjå vedlagt presentasjon. <ul style="list-style-type: none"><li>• Presentasjon og referat vert sendt til deltakarar og inviterte.</li></ul>	Ole–Mathias/ Ingvild
4	Innspel frå deltakarar knytt til spesifikke konsept: <ul style="list-style-type: none"><li>• K3 Risikovurdering knytt til stigning i tunnel blei etterspurt. Løysing med slakare stigning mot Sveio blei etterspurt.</li><li>• K4 Dagens løysing med ferje til Skjersholmane vert mindre effektiv til å knyta saman Kvinherad med Stord og E39.</li><li>• K5 Konseptet vil begrensa Digernessundet for vidare bruk av området til industri.</li></ul>	

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• K6 Kryss i tunnel vil gje enkel tilkomst til Bømlo.</li> <li>• K7 Maritim industri er avhengig av ferdsel inn Bømlafjorden. Det er ikkje ynskjeleg med konstruksjonar som begrensar seglingshøgda.</li> </ul> <p>Innspel frå deltakarar:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Energieffektive løysingar og redusert energiforbruk bør vera eit mål for ny E39.</li> <li>• Konsept som går i lang tunnel under Heiane/Leirvik vil verka negativt inn for næringa på Stord.</li> <li>• Vestland fylkesskommune påpeikar at å overta drift av eksisterande vegnett som vert nedklassifisert er kostnadskrevjane.</li> <li>• Ferjeteknologi er under utvikling, og næringstransport er avhengig av kviletid som kan samanfalla med ferjestrekk.</li> <li>• Utbygging av E39 Stavanger–Bergen vil kunne avløyse behovet for flytrafikk mellom Stavanger, Haugesund og Bergen.</li> <li>• Ynskje om tilrettelegging for autonome køyretøy.</li> <li>• NLF etterspør tilstand på dagens tunnel. Spesielt knytt til ventilasjonssystemet. Dreg parallell mot problemstillinga til Lærdalstunnelen.</li> <li>• Bømlo kommune ynskjer konsept der stenging av tunnel ikkje begrensar tilkomst til Bømlo. Ynskjer kopling opp mot lang tunnel.</li> <li>• Grunnlaget for trafikkgrunnlaget vert kommentert.</li> <li>• Potensialet for utvikling, spesielt innan maritim næring, vil krevja at Sunnhordland treng godt utvikla infrastruktur.</li> </ul>	
5	Neste referansegruppemøte vert på Teams, i løpet av hausten 2023.	
6	Takk for oppmøtet!	Ole–Mathias